

1. Høyringsinnspel er sendt inn av: (Namn på person, gruppe e.l) *

Inge Kolbein Fatnes

2. Del 1: BARNES BESTE VURDERING: Er de samde i vurderingane av det som er vekta høgt i den gjennomførte barns beste vurderinga, og det som har lågare vekting?

- Ja
- Nei
- Det er delte meiningar i saka (gi gjerne utfyllande svar i kommentarfelt)
- Anna (gi gjerne utfyllande svar i kommentarfelt)
- Veit ikkje

3. Kommentar til svar Barns beste vurdering

Trivsel, nærmiljø og trygg skuleveg burde vore vekta høgare.

4. Del 2: NÅ-BILETET: Opplever de at nå-biletet/beskriving av situasjonen, slik det kjem fram av rapporten til Norconsult, gir eit realistisk bilete av slik tilbodet er i barnehagane og skulane våre?

- Ja
- Nei
- Det er delte meiningar i saka (gi gjerne utfyllande svar i kommentarfelt)
- Anna (gi gjerne utfyllande svar i kommentarfelt)
- Veit ikkje

5. Kommentar til svar NÅ-biletet

Synest Norconsult etterkvart svartmalar situasjonen noko, sidan dei i innleiinga skriv at både elevar, føresette og tilsette er glad i skulen sin. Undrar meg på korleis Norconsult kan hevda at skulane har stor overkapasitet. Saida har og etter måten godt kvalifiserte lærarar. Dette kjem ikkje fram i rapporten.

6. Del 3: FRAMTIDSBILETET: Meinar de framtidsbiletet gir ei god framstilling av kva som bør kjenneteikna barnehage- og skuletilbodet i Sauda?

- Ja
- Nei
- Det er delte meiningar i saka (gi gjerne utfyllande svar i kommentarfelt)
- Anna (gi gjerne utfyllande svar i kommentarfelt)
- Veit ikkje

7. Kommentar til svar framtidsbiletet

Synest rapporten er for pessimistisk med omsyn til elevtalet i framtida.

8. Del 4: GAP-analyse: Er de samde i dei vurderingane referansegruppa og prosjektgruppa har gjort i GAP-analysen?

- Ja
- Nei
- Det er delte meiningar i saka (gi gjerne utfyllande svar i kommentarfelt)
- Anna (gi gjerne utfyllande svar i kommentarfelt)
- Veit ikkje

9. Kommentar til svar GAP-analysen

Tala for barnehagen ser ganske hyggelege ut ,men det er vanskeleg å ha noka meining om dette når ein ikkje kjenner bakgrunnen for tala.

10. Del 5: BARNEHAGE. Er de samde med kommunestyret sitt vedtak for barnehage? (Vidareføre dagens barnehagestruktur, alternativ 0, i påvente av avgjerd om framtidig skulestruktur. For fullstendig vedtak, sjå saksframlegg)

- Ja
- Nei
- Det er delte meiningar i saka (gi gjerne utfyllande svar i kommentarfelt)
- Anna (gi gjerne utfyllande svar i kommentarfelt)
- Veit ikkje

11. Dersom de svarar nei, delte meiningar, eller anna, kva alterantiv ønskjer de?

- Alternativ 0 +: Dagens organisering (med oppgradering)
- Alternativ 1a: Leggje ned Leabøen barnehage
- Alternativ 1b: Leggje ned Rustå barnehage
- Alternativ 2: Ein kommunal barnehage, ved å byggje på ein av dei eksisterande
- Det er delte meiningar i saka (gi gjerne utfyllande svar i kommentarfelt)
- Anna (gi gjerne utfyllande svar i kommentarfelt)

12. Kommentar til svar barnehagestruktur

Viktig å ha eit godt og geografisk spreitt barnehagetilbod. Det er viktig at ein oppgraderer bygga der det er naudsynt.

13. Del 5: SKULE; del 1. Er de samde med kommunestyret sitt vedtak for barneskule? (Sauda skal i framtid ha ein felles barneskule. For fullstendig vedtak, sjå saksframlegg.)

- Ja
- Nei
- Det er delte meiningar i saka (gi gjerne utfyllande svar i kommentarfelt)
- Anna (gi gjerne utfyllande svar i kommentarfelt)
- Veit ikkje

14. Kommentar til svar skulestruktur, del 1

Fløgstad skule blei totalrenovert for nokre år sidan. Austarheim skule fekk for ei tid tilbake eit tilbygg med to gode klasserom, med tilhøyrande grupperom, romsleg garderobe, moderne lokale for mat og helse, nye rom for kunst og handverk og nytt peronalrom. Desse to skulane burde fungera godt som grendeskular i mange år framover utan større investeringar. Risvoll skule har nokre bygningsmessige utfordringar som må takast tak i. Ved å renovera Risvoll skule vil me ha tre funksjonelle skular. Eg meiner altså at skulestrukturen må vera slik han er i dag.

15. Del 5: SKULE; del 2. Er de samde med kommunestyret sitt vedtak om at fram til det kan etablerast ein felles barneskule, skal kommunestyret iverksetje 2a, ein skule for 1. - 4.klasse, og ein for 5. - 7.klasse. Tiltaket forutsetter at forprosjekt for ny felles barneskule er klar, særleg med omsyn til plassering. (For fullstendig vedtak, sjå saksframlegg.)

- Ja
- Nei
- Det er delte meiningar i saka (gi gjerne utfyllande svar i kommentarfelt)
- Anna (gi gjerne utfyllande svar i kommentarfelt)
- Veit ikkje

16. Kommentar til svar skulestruktur, del 2

Dette er eit forhasta og lite gjennomtenkt forslag og heilt i strid med prinsippet om at barns beste skal vera det sentrale. Me veit at overgangar/ endringar er kritiske punkt i barns liv. Det vil ta tid å innarbeida rutinar, samspelet mellom yngre og eldre elevar fell bort, det vil bli mykje ekstra arbeid både for dei tilsette på skulane og administrasjonen. Mellombelse løysingar har og ein tendens til å bli alt anna enn mellombelse. Det kan og bli ei sovepute for å setja i gong arbeidet med ein eventuell ny skule. Er det plass til alle elevane på 1. til 4. klasse på Austarheim skule utan å gjera bygningsmessige endringar?

17. Ope kommentarfelt for andre innspel

25% av skulane i Noreg har under hundre elevar, 40% har mellom 100 og 300 elevar. Saida skil seg altså ikkje ut på nokon som helst måte. Får me ein ny felles skule i bygda vil dette framleis vera ein liten skule om me samanliknar oss med dei store byskulane. Det er forståeleg at nokre tilsette ynskjer seg større fagmiljø. Men Saida er ikkje større enn at det er mogeleg å samarbeida på tvers av skulane om det blir lagt til rette for det. I samband med nyrekruttering kan Saida reklamera med skular i nærmiljøet med høg lærartettleik og små klassar . utfordringane Norconsult nemner må løysast uavhengig av korleis skulestrukturen blir i framtida.